

Opplæringslovutvalet

Innspel til arbeidet med reglar knytte til målformer i grunnskulen

Ved behandlinga av St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og meining, slutta Stortinget seg til ein språkpolitikk som mellom anna inneber tiltak for å betre nynorsken sin plass i samfunnet og skulen. Etter vårt syn må krava i opplæringslova skjerpast for å hindre diskriminering av nynorskelevar i skulen.

Vi vil særleg peike på retten til å høyre til eiga gruppe etter § 2-5, fjerde og femte ledd, den såkalla parallellklasseretten. Denne retten er eit viktig nynorsktiltak. Mange stader blir det ikkje informert godt nok om retten før skolestart. Vi har også høyrte at foreldre som vil nytte seg av retten, blir skulda for å ha andre motiv. I ny lov må retten tydeleggjerast og utvidast til å gjelde på ungdomssteget. Det er ikkje i tråd med overordna språkpolitiske mål at språkrettane skal vere svakare på ungdomssteget. Vi viser til dei historiske grunnane til dette som Språkrådet har med i sitt innspel til lovutvalet. Vi oppmodar på det sterkaste om å utvide retten til språkdelte klassar gjennom heile grunnskulen. Ei slik ordning vil også førebyggje taktisk språkskifte i vidaregåande opplæring. Staten bør dekkje kommunane sine ekstrakostnader ved språkdelte klassar.

Det er også viktig å sikre at det finst læremiddel og lærebøker på nynorsk. Vi meiner derfor at parallellitetskravet i gjeldande lov må vidareførast. I tillegg må dette kravet tilpassast ein skulekvardag der digitale hjelpemiddel stadig får større plass. Vi vil vidare peike på at retten til å få lærebøker og læremiddel på eiga målform, må sikrast ved overgangen til vidaregåande opplæring. Nynorskelevar må ofte vente mange månader på å få lærebøker på nynorsk. Det bør vere kurant å krevje at fylkeskommunane skal be elevane å opplyse om målform når dei søker plass i vidaregåande opplæring om våren.

Etter mandatet er det ikkje lovutvalet si oppgåve å meine noko om lærarutdanningane, men det er gjerne råd for utvalet å peike på utfordringar her likevel? Kunnskap om regelverket har etter vårt syn altfor lite rom i lærarutdanningane, og krava til å meistre begge målformer i lærarutdanningane er ikkje tydelege nok. Det hjelper lite med lovfesta rettar og kompetansemål i norskplanen dersom lærarane ikkje har naudsynt kunnskap, dugleik og haldningar på plass.

Med helsing Rennesøy Mållag

Gunvor Helle Eiane
leiar